



KOMMUNAL- OG
MODERNISERINGSDEPARTEMENTET
Postboks 8112 DEP
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jon Ivar Eikeland, 71258468

Fråsegn til forslag til reviderte statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen

Vi viser til forslag til nye statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen med høyringsfrist 1 oktober.

Generelt meiner vi forslaget som no er på høyring er meir oversiktleg enn dei retningslinjene vi har i dag, men retningslinja er for mykje innretta mot mennesket sine behov og større krav til lokal handlefridom. Strandsona er ei overgangssone mellom land og sjø der ein både finn ei rekke artar og naturtypar som krev urørd strandsonenatur av eit viss omfang. Det å berre vurdere kvart inngrep som lite og ikkje sjå konsekvensane på lang sikt, er noko vi ikkje finn vektlagt i retningslinjene.

Vi meiner det hadde vore betre med ei generell planretningslinje for strandsona og at desse sonene hadde blitt fjerna. For det første har vi ikkje inntrykk av at dagens retningslinjer blir brukt av kommunane i si saksbehandling, og for det andre vil dette berre skape meir forvirring om kva for føringar som gjeld i 100 meters beltet. Det bør vere tilstrekkeleg med § 1-8 og generelle retningslinjer. Uansett vil det vere eit skjønn inne i biletet i alle saker, og både kommunane og forvaltninga på regionalt nivå klarer å skilje mellom kva som er pressområde og som ikkje er det.

Kopling mellom forslag til endring av §19-2 og desse retningslinjene burde vore tydelegare. Svært mykje av utbygginga i strandsone går føre seg gjennom dispensasjon og det skjer ei oppstyking av kystnaturen for kvart år som går og der samanhengande tilgjengeleg strandsonenatur utan inngrep blir mindre og mindre. I høve forslaget som gjeld §19-2, vil dette berre medføre endå fleire dispensasjonar i ei sone som skal vere av nasjonal verdi.

I forslaget til nye retningslinjer finn vi det same som før om at utbygging i strandsona skal skje etter plan, men på den andre sida kan ein oppfatte det slik at det skal bli enklare å få til utbygging etter dispensasjon. Dette er svært uheldig. Det må gå klarare fram at dispensasjon berre unntaksvis skal nyttast.

Når det gjeld soneinndelinga er det grunnlag for at fleire kommunar blir plassert i sone 2. Dette gjeld Sula, Giske og Herøy kommunar.

I kapitlet om «*Offentlige myndigheters oppgaver og ansvar*» går det fram at statlege og regionale myndigheiter skal legge stor vekt på det lokale sjølvstyret i vurderinga av om det skal fremmast motsegn. Ofte blir politiske vedtak gjort utan grunngjeving og i strid med innstillinga. I vårt fylke er det mange små kommunar der «alle kjenner alle». Dette gjer det vanskeleg å avslå ein søknad frå t.d. nære naboar. Regionleddet har større avstand til dei lokale interessene og har ofte god kompetanse på regelverket, samt oversikt over praksisen fylket og i nokon grad resten av landet. Vi stiller spørsmålsteikn ved kvifor forslaget legg opp til auka grad av lokal handlefridom, dersom det i praksis fører til at enkeltpersonar/næringsaktørar sine ønske skal gå føre ålmenta sine behov.

Sone 2:

- Generelt meiner vi ein gjennomgåande må bytte ut ordet *bør* med *skal* i alle kapitla.
- §9.1 Setning nummer 2 må takast bort, då den lett kan misbrukast.
- §9.2 I sone 2 blir det opna for oppføring av brygger og naust for fritidsfiske, medan dette ikkje er med i sone 3. Verkar ulogisk og bør uansett fjernast.

Sone 3:

- Teksten i sone 2 og 3 er ganske lik, så korleis skal ein skilje mellom dei? Dersom ein nyttar *bør* i staden for *skal* i sone 3 blir det ein forskjell. Omtale av terrenginngrep må også vere med her.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Jon Ivar Eikeland
fagsjef-plansamordning

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune

Dokumentet er elektronisk godkjent.